



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	13.06.2016
Tid:	16:00 – 18:00

Medlemer som møtte:

Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP

Forfall:

Stig Arne Helsem Sævik	LEDER	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	MEDL	H
Hilde Marie Brungot	MEDL	H
Bjarne Kvalsvik	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Edel Kvalsund Goksøyr	Stig Arne Helsem Sævik	KRF
Joakim Eiksund	Janne-Katrin Hansen Sævik	H
Dag Johan Flattun	Hilde Marie Brungot	KRF

Andre: Planleggar Ole Magne Rotevatn Kulturleiar Eileen Gjerde.
Kaspar Bjørkavåg, Stiftinga Sunnmøre museum

Det møtte 3 medlemer og 3 varamedlemer, 1 mindre enn fulltalig.

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:

Edel Kvalsund Goksøyr og Reidun Myrvågnes

Ole Magne Rotevatn orienterte komiteen om bruk av sysselsettingsmidlane frå staten.

underskrifter

Edel Kvalsund Goksøyr

Knut Johan Voldsund

Reidun Myrvågnes

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 45/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 46/16	Protokoll frå førre møte
PS 47/16	Planbehov i Herøy kommune 2016-2020
PS 48/16	Intensjonsavtale for etablering av jektenaust med formidlingsbygg for sunnmørsjekta "Anna Olava"
PS 49/16	Pinoluma Rådgivning AS - søknad om støtte frå kommunalt næringsfond
PS 50/16	Søknad om kulturmidlar - Leikeplasstilskot, Frøystad Grendalag
PS 51/16	Søknad om kulturmidlar - Leikeplasstilskot, Storneset grannelag

PS 45/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 46/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 47/16 PLANBEHOV I HERØY KOMMUNE 2016-2020

Møtebehandling:

Komite for næring, kultur og idrett kom med framlegg om slik tilråding:

- Herøy kommune bør rullere samfunnsdelen sin handlingsdel og økonomiplanen med sikte på ei samordning.
- Herøy kommune vil vurdere å oppheve eldre reguleringsplanar som ikkje er realiserte.
- Herøy kommune vil delta i interkommunale plansamarbeid der Herøy har interesser.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 13.06.2016

- Herøy kommune bør rullere samfunnsdelen sin handlingsdel og økonomiplanen med sikte på ei samordning.
- Herøy kommune vil vurdere å oppheve eldre reguleringsplanar som ikkje er realiserte.
- Herøy kommune vil delta i interkommunale plansamarbeid der Herøy har interesser.

PS 48/16 INTENSJONSAVTALE FOR ETABLERING AV JEKTENAUST MED FORMIDLINGSBYGG FOR SUNNMØRSJEKTA "ANNA OLAVA"

Møtebehandling:

Kulturleiar Eileen Gjerde møtte og orienterte.
Presentasjon frå Stiftinga Sunnmøre Museum ved Kaspar Bjørkavåg.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 13.06.2016

1. Herøy kommunestyre gir si tilslutning til å utvikle Herøy kystmuseum gjennom eit prosjekt for etablering av naust til sunnmørsjekta «Anna Olava», med tilhøyrande formidlingsbygg.
2. Herøy kommune og Stiftinga Sunnmøre Museum inngår ein intensjonsavtale som grunnlag for prosjektet. Ordførar gis mynde til å signere intensjonsavtalen på vegne av kommunen.

PS 49/16 PINOLUMA RÅDGIVNING AS - SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 13.06.2016

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil 150.000 kr frå det kommunale næringsfondet til Pinoluma Rådgivning AS til profilering og kompetanseheving.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2017. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal først spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

PS 50/16 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - LEIKEPLASSTILSKOT, FRØYSTAD GRENDELAG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 13.06.2016

1. Frøystad Grannelag gis eit tilskot på kr. 15 000 til etablering av gapahuk på grusbana på Frøystad.
2. Tilskotet kan utbetalast når kvitteringar for kjøp ligg føre.

Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.380 Leikeplasstilskot

PS 51/16 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - LEIKEPLASSTILSKOT, STORNESET GRANNELAG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 13.06.2016

1. Storneset grannelag gis eit tilskot på kr. 15 000 til etablering av gapahuk/grillhytte på leikeplass på Storneset.

2. Tilskotet kan utbetalast når kvitteringar for kjøp ligg føre.

Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.380 Leikeplasstilskot.

MØTET SLUTT!